

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	08/08/2023
Vår referanse	2023/68902-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Kulturminnefagleg fråsegn til dispensasjon oppføring av mikrokraftverk - gnr. 60 bnr. 1 Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune Arealplan viser til sak om bygging av mikrokraftverk på Votlo, Osterøy kommune. I våre arkiv er det kjent eit funn i frå Støleteigen – gravfunn i frå eldre jernalder. Dette vart undersøkt og fjerna i midten av 1920 åra. Informasjonane frå funnet i arkivet vårt er gamle og noko upresist registrert.

Ut i frå kart i søknad er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området som er vist i søknaden er i den bratte delen av elva og her er det lite potensiale for funn. Me kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med nyare tids kulturminne.

Me har slik ikkje merknader til tiltaket med omsyn til automatisk freda kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift